

Nils Rogn, Kari Birgit Lien, Tørpegardsvegen 45, 2973 Ryfoss  
Knut Rogn, Hilde Vestgård  
Lena Jensen Rogn, Geir Endre Rogn  
Emma Törmä, Hallgrim Rogn

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Regnr.: 6554

Saknr.: 2011076242

Tiltakshaver: CLEMENS KRAFT AS

Rogn, 20.08.2015

## **Føsseberge Kraftverk – Vang i Valdres - Høyringsmerknad**

Som eigarar av bustadhus, gard og campingplass nær Begna/Tørpe bru, har me kritiske merknader til planane om utbygging av Føsseberge.

**Primært ynskjer me at Storåne ikkje blir ytterlegare utbygd på strekinga omfatta av konsesjonssøknaden for Føsseberge. Dette ut frå omsynet til natur, kulturmiljø, næringsverksemd, fiske (hobby og næring (fisketurisme)) og campingplass. Dei samla kraftreservane i landet, prisen på straum og utbyggingskostnadane, gjer det etter vårt skjønn endå mindre forsvarleg å skade ein elvestrekning på 1800 m for ei kraftmengde på 18-19 GWh.**

**Om det likevel blir gjeve konsesjon, vil me varsle krav om erstatning og avbøtande tiltak.**

- Eventuell inntakskanal må anleggjast slik at innsyn frå tilgrensande bustadhus og gardstun blir minimalisert. Eksisterande vegetasjon langs nordsida av elva og mellom tilkomstvegen til gnr. 85/20 m fl., må takast vare på. Terskelen «frå førre utbygging» må takast vare på, sjå vedlegg. Eventuelt gjerde omkring kanalen må ikkje gje intrykk av eit avstengt «militært» område midt i turvegen og skogen. Lukka kanal må veljast om ikkje dei berørte og utbyggjar finn tenlege utformingar.
- Kombinert avlingsveg og veg til bustadhus (gnr 85/20 m. fl), blir negativt berørt i anleggperioden. Kanal og bru må leggjast så langt unna bustadhus som mogleg, og eventuelle verknader for borebrønn, grunnmurar o.a. må erstattast. Haustingsperiodane må ikkje bli hindra av anleggsverksemd.
- Planlagt terskel/tersklar må utformast slik at dagens vasspegel sett frå gard, bustadhus, hytter og campingplass ikkje lir skade. Det ligg vesentleg kulturhistorie i restane etter gamle damanlegg på omtrent same plass som ny terskel er tenkt - anlegg som i si tid forsynte sag og mølle med naudsynt kraft til «dagleg brød». «Kanalen» for dette «kraftverket» er intakt, og me legg til grunn at kulturminne ikkje blir rørt.

- Strekninga Tveit Stadion - Tørpe bru er ein turstig merka med skilt for kvart «minne» ein bør sjå etter, og med sjølvasteplassen ved «Gamle sage», ei perle – både bade-, kvile- og fiskeplass midt i den mest berørte del av Føsseberg-prosjektet. Rasteplassen ligg der Storåne svingar nordaustover og bryt seg rundt det mest spanande raftepartiet mellom Øylo og Ryføssen- med unntak av sjølvasteplasse. Ved «Gamle sage» har me naturen sine eigne svabergsklier, ei lita sandstand og ein fin bålplass – omkransa av kulturminne synlege for trene augo. Verdiar som ikkje er omtala i konsesjonssøknaden.
- Rapport og informasjonsmøte gav inntrykk av vassgjennomstrømming over terskelen om lag som dagens minstevassføring. Det høyrer mindre dramatisk ut enn det truleg vil bli for fisk og folk. (Spriket mellom lovnader i konsesjonsvilkåra og faktisk tolking i mellom anna Kvitvella-utbygginga, minkar tilliten til konsesjonsgjevar). Det går ikkje fram om utforminga blir slik at fisk, kajakk, rafteflåter mv. kan bevege seg «fritt» på begge sider av terskelen. Det bør vera ein plass der fisk utan hinder kan vandre opp og ned, spesielt ved lita vassføring. Passering for elvekajakk og raftingflåter blir truleg sterkt forverra om ikkje regulanten legg fram andre løysingar enn vist. Erstatning vil bli kravd om tiltaka ikkje er dekkjande.
- Dei negative verknadane for fiske ser ut til å vera underkommunisert. Heile elvestrekninga langs gnr. 85/1, 84/1 og 84/5 er gode fiskeområde for aure. Det står ikkje til truande at fiske, yngling, vandring og vinteropphald ikkje skal ta skade av planlagt utbygging(ar) - det må i så fall dokumenterast betre frå utbyggjar si side. Lengre periodar med minstevassføring vil gje meir ising og frostrøyk. Vinteropphaldsstader for fisk kan bottenfryse, og elva som temperaturegulator minkar i høve til dagens situasjon.
- Bru over eventuell inntakskanal kan ikkje leggast så nær tunellinntaket som planlagt, til det vil svingen bli uhensiktsmessig i høve til bruk. Vegen tener som avlingsveg, og blir tidvis nytta av store kjøretøy ved transport av rundballar, tømmer mv. Dyr må kunne passere til og frå beite. Bakanforleggjande jorde («Bleikfeto», snautt 20 da) blir nytta til grasproduksjon og beiting (vår og haust), og er ein del av merka turveg (sjå eige avsnitt).
- Periodevis vassgjennomstrømming i damanlegget mellom campingplass og Storåne må sikrast på dagens nivå – dvs. at planlagt forstøtningmur må utformast slik at vassforsyning til Vesleåne ikkje lir skade.
- Veg til ny (godkjent) bustadtomt nordvest for gnr. 85/20 er planlagt «rett over» planlagt tunellinntak. Denne nye vegen må takast med i vurderinga ved utforming av eventuell tunell (detaljplan for veg/tomt kan innhenta).
- Blir det aktuelt med innløysing av areal, mellombels riggområde, opprusting av eksisterande vegar o.a., legg me til grunn særskilte forhandlingar om dette før anleggsstart, både med tanke på bustadhusa, gardsdrift og camping.
- Generelt er me som mange andre av den oppfatning at raudlisteartar får for stor merksemd i høve til det tap det alminnelege natur- og kulturlandskapet lir ved slike inngrep. Alle dei «vanlege» artane knytt til elv og ulike skogstyper blir negativt berørt av utbygginga. Fossekallen hekkar på minst tre lokalitetar på strekninga. Vintererle, strandsnipe, songsvane, storkand, kvinand og laksand «held hus». «Heilt normal vegetasjon» inntil lysningar i skogen blir «frisert» bort ved utbygginga, sjølv om raudlista lav og kvit flugesopp (uoppdaga av utbyggjar) blir bevart.
- Campingplassen ligg til gnr. 85/1. Heile strekninga frå dammen ved Øylo til grensa mot gnr. 90/5 er fiskeområde for dei som bur på Rogn camping og tilknytte utleigehytter. Både i anleggstida og etter ferdig anlegg, vil campingdrift på eksisterande plass bli skadelidande; det

er ikkje salsfremjande reklame å grense til kraftanlegg, med forstøtningmurar i betong, tap av naturleg vegetasjon, periodevis «turrlagte» elvestrekningar kombinert med 80 m kanal m.v. Krav om erstatning vil bli reist om utbygging blir realisert.

- Neste generasjon på gnr. 85/1 har ut frå kompetanse og interesser, ambisjonar om utvida satsing på naturbasert reiseliv. Av «innsatsfaktorane» er sjølvsgagt elv og «urørt» natur (fisketurisme, senter for treningssamlingar, padlekurs, flåteutleige m.m.). Lengre periodar med mistevassføring vil gjera slik aktivitet lite attraktiv.

Bevisst og skånsam handtering av eksisterande landskap – og nær dialog med eigarar og naboar der grunn blir berørt, tek me som sjølvsgagt og eit vilkår.

Me er elles kjent med at sal av fallrettar i 1964 langs Begna ved Ryfossen har vore til rettsleg avklaring og at Skagerak i følgje dom i Eidsivating lagmannsrett der har tapt retten. Av den grunn vil me ved eventuell utbygging, også ha ei juridisk vurdering av salet av fallrettar frå vår eigedom 85/1 som vart oppkjøpt same år (1964).

Til slutt eit par merknader til namn. Føssaberge er eit nykonstruert namn, her har det alltid heitt Føsseberge (som i føssefall, føssefall). I samsvar med e-endinga her (ikkje Føssebergi), brukar me også forma Storåne om elva Begna, eventuelt berre Åne. Dette gjeld også for Vangsmjøse, dvs. ikkje Vangsmjøsi/Vangsmjøsa.

Med helsing

Nils Rogn og Kari B. Lien

Knut Rogn og Hilde Vestgård

Hallgrim Rogn og Emma Törmä

Geir E. Rogn og Lena Jensen R.

Gnr 85/1

Gnr 85/20

Gnr 84/5

Kopi: Vang kommune